



Arkivnr: 2018/17527-1

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Marianne Ose Askvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.01.2019

### Revidering av kriteria for dei tre søknadsordningane under budsjettposten Stønad etter vedtak (Prosjektilskotsordningar)

#### Samandrag

Budsjettposten *Stønad etter vedtak* har i budsjettvedtaket for 2019 ei samla budsjettramme på 3 250 000 kroner som vert fordelte gjennom følgjande tre tilskotsordningar:

1. Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell

Til saman 1 350 000 kroner, der minst 400.000 kroner av desse skal gå til tiltak retta mot barn og ungdom.

2. Prosjektilskot: Kultur – amatør

Til saman 900 000 kroner, der minst 510 000 kroner skal gå til tiltak for / med / av barn og ungdom.

3. Prosjektilskot: Større kulturprosjekt 1 000 000 kroner.

Desse tre tilskotsordningane har same oppbygging av innretting og kriteria, med svært små variasjonar i vurderingskriteria (pkt 3 i vedlagte dokument) og noko ulike variantar i føremålet (pkt 1 i vedlagte dokument).

Etter erfaringar med søknader og handsaming ser fylkesrådmannen at det kan vere hensiktsmessig å gjere nokre mindre justeringar i kriteria for desse tre søknadsordningane. I hovudsak er det ei strukturell og språkleg klårgjering.

Det vart ved handsaming av søknadane i desse ordningane i KIRU 13.11.18 lagt fram ønske om å klårare skilje mellom meir absolutte kriteria som må stettast for at det skal kunne verte vedteke løying, og kriteria som ikkje alle einskilde er absolutte men som gjer at søknaden kjem høgare opp på prioriteringslista. I denne saka ligg det difor føre ei justering av kriteria som skal tydeleggjere dette.

Det er eit mål å gjere handsaminga av søknadane transparent og vise tydeleg på kva grunnlag også den enkelte søknad vert vurdert. Det ligg føre mange søknader til handsaming etter kvar søknadsfrist, og det vil vere svært vanskeleg å kunne gje ei utdjupande og fullstendig vurdering av kvar søknad. Handsaming av søknader til prosjekt innan kunst- og kulturfeltet skal og vil vere prega av skjønnsmessige og kvalitative vurderingar, men det er eit mål å i størst grad synleggjere faktorane som speler inn i denne vurderinga.

Vedlagt er fullstendige dokument med kriteria og innretting for den enkelte av dei tre omtalte tilskotsordningane. Desse dokumenta skal ligge tilgjengeleg på HFK sine nettsider og erstatte dei som no ligg knytt til desse tilskotsordningane på hordaland.no.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

**Klima:** Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for td. klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordningane er sentrale verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR .

**Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til reviderte kriteria for tilskotsordninga *Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell* slik dei ligg føre i vedlegget til saka.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til reviderte kriteria for tilskotsordninga *Prosjektilskot: Kultur – amatør* slik dei ligg føre i vedlegget til saka.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til reviderte kriteria for tilskotsordninga *Prosjektilskot: Større kulturprosjekt* slik dei ligg føre i vedlegget til saka.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Innretting og kriteria for Prosjektilskot: kunst og kultur - profesjonell
- 2 Innretting og kriteria for Prosjektilskot: kultur - amatør
- 3 Innretting og kriteria for Prosjektilskot: større kulturtiltak

## Fylkesrådmannen, 19.12.2018

I samsvar med Regional kulturplan 2015-2025 sine føringar om gjennomgang og revidering av tilskotsordningar vart det i 2016 lagt fram ny innretning av ei rekke tilskotsordningar, m.a. tilskotsordningar under budsjettposten *Stønad etter vedtak*. I budsjettvedtaket for 2019 har posten ei samla budsjettramme på 3 250 000 kroner som vert fordelt gjennom følgjande tre tilskotsordningar:

1. Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell

Til saman 1 350 000 kroner, der minst 400.000 kroner av desse skal gå til tiltak retta mot barn og ungdom.

2. Prosjektilskot: Kultur – amatør

Til saman 900 000 kroner, der minst 510 000 kroner skal gå til tiltak for / med / av barn og ungdom.

3. Prosjektilskot: Større kulturprosjekt 1 000 000 kroner.

Desse tre tilskotsordningane har same oppbygging av innretting og kriteria, med svært små variasjonar i vurderingskriteria (pkt 3 i vedlagte dokument) og noko ulike variantar i føremålet (pkt 1 i vedlagte dokument). Dei tre aktuelle tilskotsordningane er breitt innretta og skal dekke eit stort spekter av kunst- og kulturlivet. Det fører til at det ofte er tiltak av svært ulik karakter som skal målast opp mot kvarandre.

Det er eit mål å gjere handsaminga av søknadane transparent og på best mogleg måte vise tydeleg på kva grunnlag også den enkelte søknad vert vurdert. Det ligg føre mange søknader til handsaming etter kvar søknadsfrist, og det vil vere svært vanskeleg å kunne gje ei utdypande og fullstendig vurdering av kvar søknad. Handsaming av søknader til prosjekt innan kunst- og kulturfellet skal og vil vere prega av skjønnsmessige og kvalitative vurderingar, men det er eit mål å i størst grad synleggjere faktorane som speler inn i denne vurderinga.

Særleg etter gjennomgangen i 2016 har ein tydeleggjort vurderingskriteria – både for å kunne gje eit betre grunnlag for politisk handsaming og for å gje søkerane ei best mogleg forklaring på fylkeskommunen sine prioriteringar. Det vert heile tida gjort erfaringar med søkerarar, søknadar og handsaming som får fram behov for justeringar og revideringar i innretting og kriteria. Oftast har dette vore av strukturell og språkleg art, og grunnprinsippa vert behalde.

Det vart ved handsaming av søknadane i desse ordningane i KIRU 13.11.18 lagt fram ønskje om å klårare skilje mellom meir absolutte kriteria som må stettast for at det skal kunne verte vedteke løyving, og vurderingskriteria som ikkje alle einskilde er absolutte men som gjer at søknaden kjem høgare opp på prioriteringsslista. I denne saka ligg det difor føre ei justering av kriteria som skal tydeleggjere dette.

Desse tre tilskotsordningane har hatt stor søkjarmengde, særleg har ordninga *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* hatt svært mange og svært relevante søknadar. Det er ikkje tilstrekkeleg med midlar til å innfri alle søknadane som fell innanfor føremålet og kriteria for desse søknadsordningane.

Dei som vert tilrådd støtte oppfyller i høg grad føremålet og vurderingskriteria. Fylkesrådmannen skal i vedlegget kort presentere og individuelt vurdere kvar enkelt søknad, i hovudsak ved å vise direkte til dei vedtekne kriteria og korleis søknaden oppfyller eller ikkje oppfyller det enkelte av desse.

Vurderingskriteria slik dei står systematisk lista opp i den enkelte ordning er den viktigaste reiskapen for handsaminga av søknadane. Fylkesrådmannen har difor sett nøyne på formuleringar og oppsett av desse. Kriteria er tett knytt til *PREMISS: kultur*, og fylkesrådmannen ser desse som gode formuleringar for å måle om prosjekt som søker er relevante for å oppnå mål og satsingar i kulturplanen.

Denne systematiske opplistinga av kriteria er også viktig for å gjere vurderingsgrunnlaget ope og transparent for søkerar. Desse kriteria vil også verte vist systematisk til i oversynet med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad som vert vedlagt dei politiske sakane for tildelingar.